

HORDALAND
SKIKRETS



NORGES
SKIFORBUND

.....
HORDALAND
SKIKRETS
.....

Krisehandtering i Hordaland skikrets

INNHALD

KRISEHANDTERING I HORDALAND SKIKRETS

1. Overordna prinsipp

- 1.1. Krise/hending scenario
- 1.2. Prinsipp for handtering
- 1.3. Prioritet når krisa/hending inntreff

2. Når ei krise inntreff

- 2.1. Varslingsliste
- 2.2. Organisering av krisearbeidet
- 2.3. Intern og ekstern informasjon

3. Debrifing og etterarbeid

- 3.1. Debrifing
- 3.2. Etterarbeid
- 3.3. Evaluering og revisjon av krisehandteringa

Vedlegg: Varslingsliste ved kriser eller alvorlege ulukker
Kriseleiing

KRISEHANDTERING I HORDALAND SKIKRETS

1. Overordna prinsipp

1.1 Krise/hending scenario

Følgjande scenario blir sett på å vere mest aktuelle for Hordaland Skikrets å handtere, i samband med arrangement eller samlingar.

- Ulukker i eller kring stadar der Hordaland Skikrets har arrangement eller samlingar, med alvorleg skade, eventuelt med døden til følge, der medlemar eller leiarar er involvert.*
- Brann eller eksplosjon i bygningsmasse der aktivitet i regi av Hordaland Skikrets skjer.*
- Alvorlege økonomiske misleghaldingar eller andre strafferettslege forhold der politiet er kopla inn, og der media er eller vil kunne bli informert.

* Ved alvorlege hendingar vil kommunen si kriseleing og/eller støtteapparat bli aktivert.

1.2 Prinsipp for handtering

Krisehandteringsplanen omfattar heile Hordaland Skikrets, både utøvarar, leiarar, tillitsvalde og evt. tilsette. Planen skal vere kjent for alle i Hordaland Skikrets, både tillitsvalde, leiarar og tilsette, noko som krev ein årleg gjennomgang/orientering og at planen inngår som ein del av arrangementsstrategien ved alle arrangement i regi av Hordaland Skikrets.

Organisering av krisehandtering skal primært følgje den administrative linja. Den politiske leiinga inngår i varslingslister og kriseleing. Kriseleinga leiast på øvste administrative nivå. Varslingslista skal alltid følgjast. På den måten blir informasjonsflyten ivareteken både oppover og nedover i organisasjonen.

1.3 Prioritet når krise/hendinga inntreff

- Redde og sikre menneskeliv
- Varsle (sjå vedlegg Varslingsplan)
- Sikre seg best muleg oversikt over situasjonen/hendinga
- Ivareta pårørande i samråd med politi og kommune
- Sikre intern og ekstern informasjon i samråd med politi og kommune

- Sikre materielle verdier
- Ta vare på involverte/uskadde

2. Når ei krise inntreff

2.1 Varslingsliste

- **110** – Brann- og redningsetaten
- **112** – Politiets operasjonssentralar
- **113** – Medisinsk nødhjelp

Ved alvorleg personskade skal medisinsk nødtelefon - 113 - kontaktast umiddelbart.

Ved brann må det varslast på nødtelefon 110. Politiet skal varslast ved alvorlege hendingar. Politiet vurderer situasjonen og set i verk samarbeid mellom politi, helseteneste og anna hjelpepersonell.

I krisesituasjonar skal informasjonsstraumen internt i Hordaland Skikrets ivaretakast i høve til ei utarbeida varslingsliste. På den lista bør Hordaland Skikrets sin styreleiar og evt. dagleg leiar vere oppført i tillegg til heile styret og andre tillitsvalte.

2.2 Organisering av krisearbeidet

Kriseleiing

Hordaland Skikrets skal nedsette ei kriseleiingsgruppe bestående av fire personar (leiar, nestleiar og to styremedlemmers). Kriseleiinga skal alltid informerast når ei krise inntreff.

Kriseleiinga skal til kvar og ei tid ha oversikt over situasjonen, vurdere grad av alvor, moglege konsekvensar og behovet for å sette i verk ulike tiltak. Dei arbeidar ut i frå egne retningslinjer for oppfølging av involverte og deira pårørande.

Kriseleiinga sine oppgåver:

1. Leiar kallar saman kriseleiinga.
2. Leiar har ansvar å avklare med politiet kva informasjon som kjem frå idrettslaget. Politiet har ansvar for å uttale seg om sjølv situasjonen og status eksternt/media. Informasjon som kjem frå idrettslaget bør vere avklara med politiet og fokusere på idrettslaget sin situasjon.
3. Leiar saman med kriseleiinga bistår, ved behov, politi og kommune med iverksetting av særskilde omsorgstiltak i sjølv krisesituasjonen og i løpet av påfølgjande dagar på vegne av skikretsen.
4. Kriseleiinga skal;
 - varsle og orientere eventuelt pårørande i samråd med evt. naudetatar (ved dødsfall er dette ei rein politioppgåve)

- sikre at psykososialt kriseteam i kommunen vert aktivert ved alvorlege hendingar (kommune eller 113 vurderer og varslar)
- vurdere oppretting av telefon for pårørande, dette er politioppgåve ved alvorlege hendingar
- vurdere og involvere sosialteneste e.l. ved mindre alvorlege hendingar, etter råd frå helsevesen/kommune
- informere aktive/grupper
- all aktivitet og vedtak under krisehandteringa skal loggførast

Kriseinformasjon

Politiet har ansvar for å uttale seg om sjølve situasjonen og status eksternt/media. Informasjon som kjem frå skikretsen bør vere avklara med politiet og fokusere på idrettslaget sin situasjon. Dette skal sikre einheitleg, ryddig og korrekt informasjon og hindre kjelder til misforståing.

Kun styreleiar eller administrativ leiar skal uttala seg på vegne av skikretsen. Alle tilsette og tillitsvalde skal henvisa til styreleiar og/eller administrativ leiar.

Dersom det er dødsulukke, skal dødsbodskapet alltid gis av politi eller profesjonelt krisepersonell.

2.3 Intern og ekstern informasjon

Informasjonsarbeid

Kriseleiing ved leiar og nestleiar føretekk ansvarsfordeling mellom intern og ekstern kommunikasjon. Tillitsvalte og tilsette skal føle seg tilstrekkeleg informert og ivareteke med møteplassar for informasjonsutveksling og samtalar.

Prinsipp

- All formidling av informasjon bør skje i samråd med politiet.
- All informasjon skal vere korrekt og sannferdig, og stadfesta og frigitt av politiet. Dersom informasjon ikkje er stadfesta skal det henvisast til politiet.

Kommunikasjonskanalar

Bruk av telefon og direkte kontakt med dei råka er viktig. Nettsidene skal haldast oppdatert, slik at desse kan fungere som en førstehandsinformasjonskjelde for både pressa og andre involverte. Facebook og eventuelt andre etablerte kanalar i sosiale media kan også nyttast.

Gode råd i møte med media

Kjøp deg tid til å førebu deg. Tenk igjennom kva hovudpunkt du vil formidle og kva inntrykk du ønskjer at publikum skal sitte igjen med.

Ikkje la journalisten villeie deg bort frå det eigentlege innhaldet i saken.

Vis sympati og empati, hald roen. Ikkje sei noko du ikkje er sikker på.

3. Debrifing og etterarbeid

3.1 Debrifing

Psykososial hjelpeteneste

Den første tida etter ei alvorleg hending pregast ofte av hjelpeløyse og sterke kjensler. Konsekvensen er at dei involverte ofte på eige initiativ kontaktar kompetente fagfolk og samtidig takker ja til tilfeldige tilbod, uavhengig av politiet sitt råd og vurderingar. Politiet og kommunen med sitt psykososiale kriseteam bør alltid involverast i arbeidet med å oppsøke kompetente fagfolk.

Debrifinga bør leiast av profesjonelle og gjennomførast 1-2 døgn etter hendinga. Dette skal vere ein samlingsstad for pårørande og involverte. Debrifinga er frivillig og opnar for samtale rundt dei tankar og kjensler som knyt seg til hendinga. Hordaland Skikrets sin administrasjon kan, i samarbeid med politiet, hjelpe med å finne aktuelle aktørar til å gjennomføre debrifinga. Profesjonelle aktørar har den erfaring som ein slik situasjon krev, samt eit våke blikk for kven av dei involverte som eventuelt treng vidare oppfølging. Det bør også gis informasjon om kvar det er hjelp å få, om det skulle vere behov for vidare oppfølging.

Det er viktig at leiinga i Hordaland Skikrets er til stade for arrangør og pårørande.

3.2 Etterarbeid

Kriseleiinga vurderer om det er naudsynt med oppfølging evt. etterarbeid i kvart enkelt tilfelle. I dei tilfelle der kommunal kriseleiing er involvert, samrår ein seg med dei.

Kriseleiinga er ansvarleg for etterarbeidet;

- Legge opp arbeidet vidare, organisering/gjennomføring av tiltak
- Gje informasjon etter behov
- Organisere minnestund, anna markering
- Tilrettelegging for tid til å snakke med dei involverte i idrettslaget
- Orienterer om kva som skjer vidare
- Kontakte ekspertise etter behov
- Vurdere evt. forsikrings-/erstatningsansvar
- Registrere skade, evt. dødsfall og melding til andre instansar

3.3 Evaluering og revisjon av krisehandteringa

All aktivitet og alle vedtak i samband med krisehandteringsarbeidet skal loggførast på ein slik måte at det kan dokumenterast og arkiverast. Tidspunkt, melding/vedtaksinnhald og iverksetting av tiltak skal komme fram. I etterkant av krisa skal krisehandteringsarbeidet evaluerast. Resultata av evalueringa leggst fram i ein rapport for styret. Den nye erfaringa ein har tileigna seg gjennom handteringa av den oppståtte situasjonen skal så brukast til eventuell oppdatering av gjeldane kriseberedskapsplan.

Krisehandteringsplanen skal reviderast etter kvart årsmøte.

Vedlegg

Varslingsplan ved kriser eller alvorlege ulukker:

1. Den som fyrst vert merksam på ulykka har ansvaret for å melde frå
2. NB! Set i gang førstehjelp om naudsynt!
3. Ring fyrst: Ambulanse 113
 - Når du varslar, hugs a. Kven du er
 - b. Kva har skjedd
 - c. Kvar har dette skjedd
 - d. Kor mange er skadd/omfanget av skaden
4. Ring deretter: Administrativ leiar i Hordaland Skikrets
 - som har ansvaret for å varsle dei øvrige i kriseleiinga

110 – Brann- og redningsetaten

112 – Politiet

113 – Medisinsk naudhjelp

Kriseleiing:

Hordaland Skikrets	Tlf. mobil
Administrativ leiar Bernt Rusten	926 58 210
Styreleiar Johan Børsheim	915 87 738
Nestleiar Fredrik Hald	90936282
Styremedem	